



ÅRSMELDING

MED REVIDERT REKNESKAP OG REVISORMELDING
Folkeakademiens Landsforbund

2016



STATISTIKKRESULTAT OG AKTIVITETSOVERSIKT SYNER AT FOLKEAKADEMIENES LANDSFORBUND (FAL)

- Forvaltar statsmidlane planmessig og får høge kunst- og kulturformidlingstal.
- Oppfyller måla for organisasjonens prioriterte tema og målgrupper (barn/unge og eldre/institusjonar).
- Har eit effektivt formidlings- og arrangørnettverk på distrikts- og lokalt nivå.

Hovudmål for 2016 var mellom anna å:

- Skape aktivitet og engasjement i dei av landsmøtet prioriterte tema «Sjå verda i augo» og «Framtida tilhøyrar dei unge», samt andre tema i landsforbundets 6-årsplan «Visst virker kultur».
- Utvikle lokalt kultur- og opplysningsarbeid og distriktas turnéverksemd. Formidle kvalitetstilbod til barn/unge, vaksne/eldre og bebuarar på institusjon.
- Styrke organisasjonen organisatorisk, administrativt og økonomisk med auka kulturproduksjon som resultat.
- Medverke i sentrale samarbeidskonstellasjonar.

Verkemidlar: Statsmidlane og egne midlar vart brukt i tråd med landsmøtevedtak og Kulturdepartementets føringar. Prosjektmidlar vart anvendt på prioriterte tema og målgrupper. Landsforbundet har informerte gjennom kulturmagasinet NØKKELEN, FALs og distriktas nettsider, sosiale media, i rundskriv og på medarbeidarkurs.



Bukkene Bruse kom på besøk til 36 asylmottak i Nord-Norge, høsten 2016

Statsmidlane vart disponert slik:

	2016	2015
Kulturdepartementets løyving for:	8 222 000	8 069 000
Til distrikta/akademias drift og programverksemd:	2 376 700	2 385 300
Prosjekt og ymse tiltak:	159 925	153 600
Medarbeidarkurs:	65 139	133 380
Til drift Folkeakademienes Landsforbund	5 620 236	5 396 720

Kommentar: Posten "Til drift Folkeakademienes Landsforbund" kan synast høg samanlikna med statsløyvinga totalt. Grunnen er at FAL i 2012 overtok arbeidsgjevaransvaret for Folkeakademiets daglege leiarar i distrikta. Landsforbundet fekk godkjenning frå Kulturdepartementet til dette. Landsforbundet vil peike på at ei viktig side ved dei daglege leiarane sitt virke, er arbeidet med å hente inn økonomiske midlar, både til eige distrikt samt hjelpe dei lokale akademia med det same.



FA Gausdal – Sigrid Blekastad, som er arkitektonisk glassdesigner holdt foredrag om glassmaleri - historikk, håndverk og eget arbeid.

LANDSFORBUNDETS ORGANISASJON

Landsforbundet er organisert i 9 distrikt. Tre distrikt femner om tre fylke, tre om to fylke og tre distrikt er eitt fylke. Det var registrert 118 lokale folkeakademi ved årsskiftet 2016/2017.

LANDSFORBUNDET SENTRALT

Landsstyret:

Landsstyremedlemmer for landsmøteperioden 2016 - 2018:

Leiar: Mildrid Kjenstad Holst.

Nestleiar: Ingvild Berrefjord.

Styremedlemmer: Erling Bjørnetun, Herbjørg Valvåg, Eivind Helland, Kathrine Fosshei, Sigrid Marie Kittelsaa Vesaas.

Varamedlemmer: Sissel Åkre (1. vara), Erik Lukashaugen (2. vara), Janneke Wijergangs (3. vara)

Styrerepresentant for dei tilsette: Henriette Hatlevoll. Personleg vara: Ann-Karin Både.

I 2016 hadde landsstyret 3 møte og handsama 51 saker.

AU hadde 5 møte.

Revisor: LST revisjon AS.

Tilsette

Ved årsskiftet 2016/2017 hadde FAL 16 tilsette (totalt 10.8 årsverk*). Av disse var 9 daglege leiarar for distrikta (5.7 årsverk), 5 var tilsett i landsforbundets sentrale sekretariat (4.0 årsverk). 1 var tilsett som prosjektleiar for Krafttak for songprosjektet «Song i eldreomsorga» (0.9 årsverk). 1 var tilsett i ein 20 % kommunikasjonsstilling i Folkeakademiet Hordaland. Folkeakademienes Landsforbund er opptekne av eit inkluderande arbeidsliv, og tek difor inn praktikantar. Ved årsskiftet 2016/2017 hadde vi 2 praktikantar. * Inkluderar 0.7 årsverk sjukemelding)

Tilsette i landsforbundets sekretariat

Generalsekretær: Pål H. Djuve

Organisasjonsleiar: Lina Bjelland Myrvoll

Økonomikonsulent: Magnus Lajord (til oktober. Willy Kringeland i permisjon til oktober. Stillinga ubesatt fram til årsskiftet).

Administrasjonssekretær: Runa Vethal Stølen

Redaktør: Kai Hovden

Prosjektleiar Song i eldreomsorga: Kristi Stedje

Tilsette på Folkeakademiets distriktkontor

Hans Vold Vikersveen (Oppland/Hedmark)

Marit Vestrum (Viken)

Alessia Franquillo (TeVeBu)

Ingvar Kolnes (Agder)

Ann-Karin Både (Rogaland)

Marion Rodgers Løseth (Hordaland)

Maja Svisdahl (Hordaland)

Henriette Hatlevoll (Sogn og Fjordane)

Beate Riege (Midt-Norge)

Anne Gerd Paulsen (Hålogaland)

Praktikantar:

Priya Rao (Rogaland)

Tore Edland (Rogaland)



Bilete: Bruhøgda Grand Prix, Folkeakademiet Svanøy

Tilslutning

FAL var tilslutta: Norsk musikkråd, Krafttak for sang , Norsk kulturforum (NOKU), Frivillighet Norge, Studieforbundet næring og samfunn (Studieforbundet kultur og tradisjon frå 2017), Kulturalliansen og Hovedorganisasjonen Virke.

FOLKEAKADEMIA

Folkeakademisituasjonen

I 2016 vart 6 lokallag stifta medan 3 vart lagt ned. Talet på lokallag ved årsskiftet 2016/2017 var 118. Ved årsskiftet 2015/2016 var talet på lokallag også 118, men 3 lag var inaktive og skulle ha vore nedlagt . 8 folkeakademi vart stifta og 5 lagt ned i 2015. I årsskiftet 2014/2015 var talet 115 (7 folkeakademi stifta/3 lagt ned).

DISTRIKTA

Landsforbundet var i 2016 organisert i 9 distriktsledd. Kwart distrikt har ansvar for dei lokale folkeakademia som høyrer til i fylka distrikta spenner over. Kwart distriktsledd har ein kulturproduksjonsstilling (dagleg leiar) i forskjellig stillingsprosent.

Medlemer

Andre fylkes- eller regionsomfemnande organisasjonar, samt privatpersonar kan vere medlemer i distrikta.

I 2016 hadde distrikta eit samla medlemstal på 180. Av desse var:

44 personlege medlemer

8 familiemedlemer

128 kollektive medlemer (Organisasjonar/institusjonar)

(NB! Medlemene i akademi er ikkje medrekna her)

Distriktas økonomi

Distriktas samla omsetning i 2016 var 6 006 200 kr. (5 705 000 kr. i 2015).

Personalkostnadene for dei daglege leiarane, ført i landsforbundets rekneskap, var i 2016 på 2 815 600 kroner (2 789 620 kroner i 2015). Dette kom i tillegg til dei andre overføringane distrikta fekk.

Distrikta skaffa sjølv 4 462 837 kr. (4 442 621 kr. i 2015) ved turnésal, anna støtte etc. Av dette var 941 200 kr. midlar frå fylkeskommunane (809 700 kr. i 2015). Hovudtyngda av midlane frå fylkeskommunane vart løyvd til aktivitets- og driftsstøtte.

Tilskotet frå fylkeskommunane varierer mykje. 8 fylke gjev tilskot, medan 10 ikkje gjev tilskot til Folkeakademiet. Tilskota fordelte seg slik:

Oppland/Hedmark	0
Viken (Akershus/Oslo)	0
TeVeBu (Telemark/Vestfold/Buskerud)	0
Agder (Vest-Agder/Aust-Ager)	165 000 Vest-Agder
Rogaland	164 200
Hordaland	443 000
Sogn/Fjord	90 000
Midt-Norge (Sør-/Nord-Trøndelag/Møre og Romsdal)	59 000
Hålogaland (Nordland/Troms/Finmark):	20 000 Finnmark

I høve til mengde aktivitet, antal lokallag og antal kollektive medlemmer – som også har tilgang på midlane frå Kulturdepartementet – opplever landsforbundet at dei økonomiske midlane er for små. Å



skaffe fleire midlar slik at også nye folkeakademi kan få akseptable økonomiske rammer er difor ei prioritert oppgåve. Å få til det er ikkje ei enkel oppgåve. Arbeidet med å auke talet på lokallag vil likevel halde fram.

Medlemer

Dei lokale folkeakademia har både personlege og organisasjons-/institusjonsmedlemer.

Antalet i 2016 var følgjande:

Antal medlemer:

Medlemstype	2016	2015
Personlege medlemer:	1981	2012
Familiemedlemer:	690	671
Kollektive medlemmer: (Organisasjoner/institusjoner)	995	1048
Totalt antal medlemer:	3666	3731

Økonomisk overføring

Dei lokale folkeakademia fekk i 2016 overført 1 158 100 kr. (1 377 921 kr. i 2015) frå FAL til delvis dekning av kunst-, kultur og folkeopplysningsverksemda. Pga. ulike lokale samarbeidsformer mellom folkeakademia, kollektive medlemer og andre, har FAL ikkje tal for lokallagas totale omsetning, då rekneskapen for mange av desse fellesarrangementa vert ført av andre. Dei offentlege løyvingane dekkjer uansett berre ein mindre del av den lokale aktiviteten. Det meste må folkeakademia og akademias samarbeidspartnarar skaffe på andre måtar.

AKTIVITETSSTATISTIKK 2016

Samla aktivitetsresultat for folkeakademia og distrikta som turnéoperatør:

	<u>2016</u>	<u>2015</u>
Samla antal arrangement lokale folkeakademi og turné:	3 470	3 663
Samla antal publikummarar:	212 670	230 728
Aktivitet - folkeakademia lokalt:		
Antal arrangement lokalt:	2 747	2 906
Antal publikummarar lokalt:	176 438	170 975

Aktivitet - distrikta si turnéverksemd:

Antal turnéarrangement totalt frå distrikta:	723	757
Antal publikummarar:	36 232	59 753

Aktivitets- og publikumsstatistikk for lokalakademia fordelt på distrikt:

114 folkeakademi hadde aktivitet i 2016 (118 i 2015, 115 i 2014)

Aktiviteten og talet på publikummarar /deltakarar fordelte seg slik: (2015-tal i parentes)

Distrikt	Antal akademi	Antal arrangement	Antal publikum
Viken	12 (13)	420 (565)	17 198 (21 069)
Opp/Hed	12 (12)	112 (197)	10 553 (17 296)
TeVeBu	14 (14)	112 (190)	8 473 (12 042)
Agder	10 (11)	172 (321)	13 400 (16 362)
Rogaland	6 (6)	81 (109)	3 288 (8 649)
Hordaland	14 (14)	1 245 (965)*	72 500 (50 492)
Sogn&Fjordane	9 (9)	179 (203)**	11 543 (13 380)
Midt-Norge	22 (22)	342 (217)	19 275 (10 397)
Hålogaland	15 (17)	84 (139)	10 104 (21 288)
SUM	114 (118)	2 747 (2 906)	176 438 (170 975)

*Inkludert distriktet med 95 arr. **Inkludert distriktet med 3 arr.

Resultatet tilseier eit gjennomsnittleg antal arrangement per akademi på 24 , medan gjennomsnittleg publikumstal er 64. Med tanke på at mange av arrangementa skjer på små stader, på institusjonar osv, må resultatata seiast å være gode.



Folkeakademiet Sørumsand lager suppe saman med flyktningar i bygda, og sel den på arrangementet Suppestasjon, der alle kan komme og smake suppe og høyre om landet der suppen kommer frå.

Turnéresultat med publikumstal fordelt pr. distrikt (2015-tal i parentes)

	Antal turnear	Antal arrangement	Antal publikum
Opp/Hed	15 (15)	125 (125)	5004 (5380)
Viken	Driv prosjektverksemd		
TeVeBu*	11 (12)	90 (83)	3770 (3900)
Agder*	13 (12)	150 (139)	6391 (5986)
Rogaland	12 (13/8**)	106 (163)	4386 (7380)
Hordaland	10 (13)	116 (107)	4371 (20403)
Sogn/Fjord	7 (7)	62 (51)	3415 (2212)
Midt-Norge	12 (5)	91 (51)	4790 (2914)
Hålogaland	7 (7)	95 (62)	4452 (12069)
Sum	87 (84/8**)	835 (781)	36579 (60244)

*Inkluderar del av ein landsomfemnande turne på asylmottak

**Prosjekter/andre tiltak

Både antalet turnear og talet på formidla utøvarar går litt opp i 2016, jamført med 2015. Talet på tilskodarar/deltakarar gjekk betrakteleg ned, noko som skuldast at eit par av turneane i 2015 var utstillingsturnear og trakk sers mykje folk. At mest 40 000 små og store var tilstades på turnéarrangementa er likevel bra sidan mange av turneane rettar seg mot institusjonar i eldreomsorga der det normalt ikkje er så mange tilskodarar.

Hovudkonklusjon akademi- og turnédrifta

Statistikken syner at Folkeakademiet når ut til mange med kvalitativt gode kunst-, kultur- og kunnskapstilbod. Det høge talet på arrangement og turnear viser og at Folkeakademiet er ein betydeleg oppdragsgjevar for kunstnarar og kulturutøvarar.

Aktivitetskategoriar

(2015 tal i parentes)

Foredrag	25 %	(26%)
Sang/musikk	42 %	(41%)
Teater/litteratur	13 %	(15 %)
Utstillingar:	1%	(2%)
Andre:	18 %	(16%)

Aktivitetskategoriane syner stabilitet frå år til år.

Aktivitet i prosent av målgrupper

Barn:	16 %	(10%)
Ungdom:	10 %	(8%)
Vaksne:	44 %	(34 %)
Eldre/institusjonar:	30 %	(48 %)

I 6-årsplanen «Visst virker kultur» går det fram at den totale aktiviteten for og med barn og ungdom til saman skal vere 40%. Resultatet på **26 %** syner at det er eit stykke att til målet. Det er likevel sers positivt at prosentandelen auka frå 18% i 2015 til 26% i 2016.

Med omsyn til aktivitet med og for eldre/institusjonar er målet 20% av total aktivitet. Eit resultat på **30%** er ei sers god oppfylling av målet.



Paraplyene til Obstfelder- Grethe Bakkevoll, Randaberg folkebibliotek.

STUDIEVERKSEMDA

Landsforbundet var i 2016 tilslutta «Studieforbundet næring og samfunn».

Studieresultat	2016	2015
Antall kurs:	110	(114)
Samlet timetal:	2650	(2693)
Antal deltakarar:	631	(685)
Samla utbetaling:	343 843	(411 711 kroner)

Verksemda spenner over eit vidt kulturelt og kunnskapsmessig spekter.

Studieverksemda har gjennom nokre år vist ein svak, nedadgåande tendens. Landsforbundet har som mål at studieverksemda skal auke og at fleire folkeakademi skal ta opp dette som aktivitet.

Landsforbundet vil difor styrke fokuset på dette aktivitetsområdet, noko vi er sikre på at vårt nye studieforbund «Studieforbundet Kultur og Tradisjon» kan hjelpe oss med. Representantar frå «Kultur og tradisjon» deltok og hadde innlegg både på landsmøtet på Røros og på haustseminaret for tilsette og landsstyret.



Lars Klevstrand har turnert for Folkeakademiet sidan 1969 med visesong og gitar. I februar var han nok en gang på ferde i Oppland og Hedmark.

Møte/konferansar/prosjekt

Landsmøtet/distriktskonferansen

Landsmøtet for Folkeakademiens Landsforbund vert halde annakvart år – i 2016 på Røros. Fagleg tema var «Integrering – kva kan vi i Folkeakademiet gjere?», med foredrag av Amal Adel, framsyning av gode døme frå fire lokalakademi, panelsamtale og kurset «Korleis byggje ein mangfaldig organisasjon». Landsmøtet vedtok at planane «Frå innvandrar til medborgar» og «Syng for livet» vert prioriterte satsingsområde i 2017 og 2018.

Folkeakademiet Nesna vart kåra til «Årets folkeakademi».

Den årlege distriktskonferansen for landsstyret, tillitsvalde leiarar i distrikta og landsforbundet sine tilsette vart halde på Røros, 10. juni, med temaet «Folkeakademiets distriktsledd». Konferansen gav ein grundig gjennomgang av situasjonen i kvart enkelt distrikt.

Hautseminaret for tilsette

3 dagars konferanse i Oslo i oktober. Tema: Folkeakademiets distriktsledd.

1. Distrikts forvaltning av pengane sine. 2. Distrikts arbeid med turnear, og 3. Distrikts arbeid med lokallaga. Mål: Å lære av kvarandres erfaringar, styrke kommunikasjonen og auke kunnskapen på tvers i organisasjonen. Leggje grunnlag for strategisk utvikling av organisasjonen som eit heile.

Prosjekt:

Landsomfemnande:

6-årsplan "Syng for livet": "Syng Ut!

Landsforbundet gjennomførte ei to vekers landsomfemnande sangersatsing to ukar i mars kalla «Syng Ut!». Resultatet vart **196 arrangement** for barn, vaksne og eldre. Mange folkeakademi lagde lokale arrangement. Konsertane gjekk føre seg på sjukehus, sjukeheimar, i barnehagar, skular og bibliotek, i kommunehus, på kaia og andre stader. Fleire tusen deltok i songen. Distrikta sette opp **10 allsongturnear** med mellom anna Elin Furubotn og Torbjørn Økland, Olav Stedje og Lars Klevstrand.

6-årsplan "Frå innvandrar til medborgar"/"Sjå verda i augo"

I tidsrommet rundt FN-dagen 24 oktober inviterer landsforbundet kvart år akademia og distrikta til ei landsomfemnande markering på tema som kan knytast opp mot FN-dagen og satsingsområda "Sjå verda i augo" og "Frå innvandrar til medborgar". Over 20 lokallag over heile landet sto for spennande og varierte arrangement med stor oppslutnad. Fleire distrikt sette opp turnear med tema knytta til desse satsingsområda i tidsrommet.



I Surnadal tek Folkeakademiet med seg innvandrarar ut i skogen for å lære tømmerhogst.

Døme på distriktstiltak:

FA Hordaland: Forteljarverkstad/Folkets festspillscene er eit forum der alle som vil kan utveksle og utforske historier. Forteljarverkstadene vert arrangert jamnleg i samarbeid med Folkeakademiet Hordaland og Litteraturhuset i Bergen. Støtta av Bergen Kommune og Skrivekunstakademiet.

”Frå innvandrar til medborgar”:

FA Midt-Norge/Folkeakademienes Landsforbund: Tryll og tøys i asylmottak. Klovnen Knut vitja hausten 2016 27 asylmottak i fleire fylke der han trylla og tøysa for 667 barn og mange vaksne. Folkeakademiet ønskte med dette å gje barn i asylmottak felles opplevingar med humor og glede. Turneen vart støtta av UDI.

FA Hålogaland: Bukkene Bruse på asylmottak. Hausten 2016 skipa Folkeakademiet til ein figurteaterturné med førestillinga Bukkene Bruse. Teateret vitja 36 asylmottak i Nordland, Troms og Finnmark, med mål om å gje barn og unge i asylmottak ei ekstra glede i kvardagen. Turneen vart støtta av UDI.

FA Hordaland: "Cultivating the sense of wondering": Utstilling i regi av Folkeakademiet Hordaland, del av internasjonal uke i Bergen og Hordaland.

FA Oppland/Hedmark: «Internasjonal uke». Samarbeid med Gjøvik kommune, Røde Kors, Folkehjelp, Frivillighetssentralen, NAV. Arrangementet er blitt ein årvisst tradisjon.

Foredragsturné med Amal Aden – Amal Aden var på turné for Folkeakademiet i Aust Agder, Vest Agder, Telemark, Vestfold, Buskerud, Oppland og Hedmark med foredrag om integrering.

”Framtida tilhøyrer dei unge”

FA Rogaland: Paraplyene til Obstfelder – Sigbjørn Obstfelder fylte 150 år i 2016. Folkeakademiet Rogaland og Sjølvberget kulturhus Stavanger samarbeidde om barneforestillinga «Paraplyene til Obstfelder». Forestillinga viste Obstfelders dikting i samspel med musikk, teater og performans.

FA Sogn og Fjordane: Akvarellkurs ungdom, med utstilling – Charlotte Rintler er ein vel etablert britisk kunstnar som held til i Sogn og Fjordane. Kurset munna ut i ei kunstutstilling der Rintlers egne bilete, samt elevane sine verk vart stilt ut.

FA TeVeBu - Bevegelseslaboratorium for barn - Dansar og koreograf Signhild Meen Wærsted var på turné i Telemark med bevegelseslaboratorium for barn. Her lærte barna å kjenne ulike rørsleleikar og utforskande oppgåver.

FA TeVeBu – Låtskrivarkurs - Låtskrivar Mari Hajem var på turné for Folkeakademiet TeVeBu med låtskrivarkurs for ungdom.

FA Midt-Norge - Mitt lille lys - ei førestilling om ungdom og fanatisme. I førestillinga er Lovise Angen Krogstad opptatt av at maktmisbruk, fanatisme og ekstremisme kan finnast i alle miljø, opent eller skjult. Marius Holth hadde regi og spelte piano.

FA Rogaland – Turné instagramworkshop – Korleis bli betre til å ta spennande og innovative bilete til instagram? Kunstfotografen Marianne Bjørnmyr var på turné i Rogaland våren 2016, og delte villig av fotokunnskapen sin.

Sjå verda i augo:

FA Hålogaland – BEAR – sommer solstice

Eit prosjekt der Folkeakademiet Hålogaland og den russiske organisasjon RASSVET samarbeidde for å spreie samisk forteljartradisjon i Nordvestrusland. Den samiske forteljaren Stina Fagerthun og den samiske artisten og instrumentmakaren Øistein Hanssen deltok saman med ein russisk nenetsartist og ein russisk pomorartist på festivalen Heil Tradition! Dei heldt óg fleire workshops om urfolket sitt liv og kulturelle bakgrunn. Prosjektet var støtta av Barentssekretariatet.



Den samiske forteljaren Stina Fagerthun, og den samiske artisten og instrumentmakaren Øistein Hanssen deltok saman med ein russisk nenetsartist og ein russisk pomorartist på festivalen Heil Tradition! i Nayan Mar i Nord-vest Russland.

FA Rogaland – «Hele Rogaland leser». I september og oktober fekk 21 bibliotek, skoler og kulturhus besøk av Erika Fatland som heldt foredrag om boka Sovjetistan. Turneen er ein del av Rogaland Fylkeskommunes lesesatsing «Hele Rogaland leser». Folkeakademiet Rogaland var turnearrangør.

Den kulturelle spaserstokken:

FA Agder: På oppdrag frå Vest-Agder fylkeskommune gjennomfører FA Agder årlege turnear i sosiale institusjonar i fylket. I 2016 4 turnear med 70 program. FA Agder har samarbeidd med fylkeskommunen om dette i 30 år. Folkeakademiet samarbeider og med Kristiansand Kultur Rullator.

FA Viken: Prosjekt Kafé med påfyll. Eit folkeakademi på institusjonen driv kafeen som er open for alle. Kafeen tilbyr «påfyll» i form av læring, kulturopplevingar, fysisk aktivitet m.m. Kafeen er ein brukerstyrt møteplass for eldre, som skal styrke helse, mestringsevne og livskvalitet. Prosjektet vert førebels drive på tre institusjonar.

Turnear for eldre på institusjon – Dei fleste distrikta hadde turnear for eldre på institusjon.

Organisasjonsbygging:

Folkeakademiets 6-årsplan «Visst virker kultur» legg vekt på at formålsparagraf, idégrunnlag og vedtekne planar for alle organisasjonsnivå skal liggje til grunn for organisasjonen sin samla aktivitet. Dette kan best skje gjennom ein godt fungerande organisasjon. Arbeidet med å bygge og styrke Folkeakademiet på alle nivå har difor kontinuerlig fokus.

FA Sogn og Fjordane: På friarferd – nye kollektive medlemmer. Folkeakademiet Sogn og Fjordane skipa til gratiskonsert med Olav Stedje i Førde for å prøve og samle interesserte personar som kunne drive eit akademi. Målet var dessutan å verve nye kollektive medlemmer.

FA Hordaland: «Folk i huset»: I samarbeid med Hordaland Ungdomslag, Hordaland musikkråd og Hordaland fylkesbibliotek arbeidar Folkeakademiet med å skape eit rikare og meir mangfaldig kulturliv ved å registrere, løfte fram og styrke organisasjonseigde hus i lokalsamfunna. Folkeakademiets rolle er å leggje til rette for samarbeid og å skape meir kultur og økt aktivitet i husa.

FA Hordaland: «Folkeakademiambassadør». Folkeakademiet fekk til samarbeid med fleire artistar som skal vere Folkeakademiambassadørar når dei reiser på turne. Når artistane tek

ambassadørhatten på og presenterer akademiets arbeid i området dei oppttrer er dei med å profilere og spreie kunnskap om Folkeakademiet.

FA Rogaland: Frivillig.no – Folkeakademiet Rogaland bruker Frivillighet Norges nye frivilligportal frivillig.no for å få tak i frivillige. Forsøket har gitt god respons.

Landsmøtekurs: På årets landsmøte kunne delegatene delta på ett av to kurs:

- *Hvordan rekruttere nye frivillige*
Ved: Siriann Berkeng/Frivillighet Norge og Magnus Lajord/Folkeakademiet
- *Bygg en mangfoldig organisasjon*
Ved: Trine Lund/Frivillighet Norge

Fleire distrikt har hatt medarbeidarkurs om temaet «organisasjonsbygging».

Nokre døme på aktivitet i lokale folkeakademi

Hålogaland: Fa Vardø: Folkeakademiet Vardø sto bak den store oppsettinga «Loppehavet, om tvangsevakueringen i 1944». Samtidsensemblen Arktisk Sinfonietta står for førestillinga saman med forfattar Marion Palmer og skodespelar Sigmund Sæverud.

Hålogaland: Fa Deatnu-Tana – «Lyd i mørketid» i Tana kyrkje. Scene Finnmarks mørketidskonsert. På scenen: Jon Henrik Fjällgren, Tonje Unstad og orkester.

Midt-Norge: Fa Røros: Folkeakademiet fekk prosjektmidlar frå UDI under posten «Aktiviteter for barn på asylmottak». Dei driv integrerande kulturtiltak i samarbeid med Ungdommens Hus, Kulturskolen og Moan gård på Røros.

Midt-Norge: Fa Surnadal: I Surnadal tek Folkeakademiet med seg innvandrarar ut i skogen for å lære tømmerhogst. Samstundes lærer dei også språk.

Sogn og Fjordane: Folkeakademiet Svanøy: Den store klesbyttedagen. Folkeakademiet skipa til Naturvernforbundets årlige klesbyttedag på Svanøy.

Sogn og Fjordane: Folkeakademiet Reksta skipa til heilaften med buffé på kroa med påfølgjande spaseretur bort til bedehuset der Steinar Karlsen hadde konsert. Etterpå gjekk publikum tilbake til Kroa til pub og dans.



På forteljarverkstadene fortel folk historier frå liva sine og arbeider med forteljarteknikk på ein morosam og enkel måte.

Hordaland: Fa Vest: Hagefesten. Ein utandørs konsert med korsong, solosang, fiolinspel og diktlesning. Hagekonserten hadde 200 besøkjande, og vart arrangert i samarbeid med Sotra hagelag og Rhodohagen på Kårtveit.

Hordaland: Fa Kvam. I 20 år har Kinck-dagane vore arrangert i slutten av juni i samarbeid med eigaren av Kinck-huset i Strandebarm. Folkeakademiet er medtilskipar.

Rogaland: Fa Suldal. Kurs i indisk dans og yoga. Instruktør: Priya Rao.

Rogaland: Fa Stavanger. I samarbeid med «Astronomi for alle» arrangerte folkeakademiet Stjernesafari, der deltakarane lærte om solsystemet, stjernene og universet.

Agder: Fa Risør Musikk og lyrikk. I lag med Risør bibliotek, gav Folkeakademiet publikum musikalsk balsam for sjela då Bjørn Kallevig og Halvard Josefson vitja med gitar, kontrabass og eit knippe kjærleiksdikt dei har tonesatt.

Agder: Fa Vennesla. Både krimkatten Gropius, gamle Jeronimus, dansepusen Bellarus og fleire kattar vitja Vennesla i forestillinga MJAU.

TeVeBu: FA Rauland. I regi av folkeakademiet spelte Orquesta del Centenario frå Argentina for eit både lyttande og dansande publikum. Det vart i tillegg til konsert og dans, lynkurs i argentinsk tango og søramerikansk inspirert middag.

TeVeBu: Fa Drammen inviterte til foredraget «Ofres Drammenssjelen» med Arne Holm, kunsthistorikar og styreleiar i Fortidsminneforeningen i Buskerud. Publikum fekk vere med på ei reise

gjennom utviklinga av Drammen sentrum. Dei fekk også med seg perspektiv på korleis utviklinga i Drammen kan bli framover.

Viken: Fa Sørum. Folkeakademiet Sørum og vener frå Sudan serverte suppe frå Sudan på Urskog-Hølandsbanen stasjon. Gjennom produksjon og sal av suppe saman med innvandrara i bygda, vert det skapt hygge og integrering. Suppestasjonen går føre seg i lokala til Tertitten. Alle kan kome og smake og høyre om landet suppa kjem frå.

Viken. Fa Cathinka. Tom Brenne har samla julehefte i over 20 år og har halde mange foredrag om temaet. Før jul vitja Brenne FA Cathinka med sine «Norske julehefter».

Oppland/Hedmark: Fa Kongsvinger feira FN-dagen med foredrag av forfattar Amal Aden, som snakka om korleis det kan vere for flyktingar å integrere seg med norsk kultur. Folk fekk også oppleve song, taler og smaksprøver på kurdisk mattradisjon.

Oppland/Hedmark: Fa Gausdal. 8. mars kom NRK-journalist Åshild Ulstrup til Gausdal folkebibliotek med foredraget «Høvdingkvinner» - om møte med sterke kvinneskikkelser i noregshistoria. Arrangementet var eit samarbeid mellom Gausdal frivilligsentral, Folkeakademiet og Gausdal folkebibliotek.

Landsforbundets prioriterte tema har egne nettsider med informasjon, tips etc. FAL lager informasjonsmateriell, klistremerke, brosjyrar m.m.

Bilete: Folkeakademiet Ramsvigtunets frivillighetssamling. Saman med dei som bur på Ramsvigtunet, pårørende og tilsette fekk desse oppleve Rita Fotland Bøe og Kåre Bø sin sprudlande og humoristiske konsert.



ORGANISATORISK ARBEID

”Visst virker kultur”, Folkeakademiets 6-årsplan, vedteke av landsmøtet 2012, legg sterk vekt på organisasjonsarbeid og styrking av organisasjonen. Sitat (s.30):

”Alle de tre organisasjonsleddene, landsforbundet, distriktssammenslutningen og lokalakademiet, skal gjøre formålsparagrafen til virkelighet. Det kan best skje gjennom en godt fungerende organisasjon der hvert enkelt ledd fungerer som ett tannhjul i et større maskineri. Landsmøtets vedtak skal implementeres på hvert nivå og ligge til grunn for organisasjonens samlede aktivitet. For alle organisasjonsleddene danner vedtektene, idégrunnlaget og vedtatte planer fundamentet”.

”Visst virker kultur” har fleire landsomfemnande mål: Folkeakademiet skal ha 200 lokale folkakademi i 2018. Organisasjonen skal også ha 2500 organisasjons-/institusjonsmedlemer og 4000 personlege medlemer.

Planen seier at ”Folkeakademiet på alle nivåer har gjennom hele planperioden fokus på medlemmer og medlemsverving (...), fokus på å styrke eksisterende akademier og etablere nye”.

Folkeakademiene opplevde i mange år reduksjon i talet på lokale folkeakademi. Landsforbundet har difor satsa målretta på organisasjonsbygging. Dette har gitt resultat, slik at vi i 2014 klarte å snu denne utviklinga. Også i 2015 og 2016 er dette fulgt opp, slik at akademitalet no sakte men sikkert går opp. Og godt fungerande lokallag er avhengige av ein medlemsbase både av interesserte enkeltpersonar og av kollektive medlemer. Ein legg difor også vekt på at nye – og gamle – akademi etablerer ein slik medlemsbase.

Landsstyret har ansvar for at organisasjonen gjer godt arbeid med omsyn til å setje dei landsmøtevedtekne planan om til praksis.

Konklusjon: Å skipe nye akademi krev langsiktig, systematisk og godt arbeid. Landsforbundet er difor nøgd med at den langvarige akademinedgongen er stoppa og snudd i positiv retning. For å sikre at den positive utviklinga held fram, vil landforbundet også i åra som kjem ha fokus på organisasjonsbygging.

Komité for organisasjonsbygging og komité for utvikling av distrikta

Landsstyret nedsette i 2013 ein komité som arbeider med organisasjonsbygging. Hausten 2015 vart ein komité for utvikling av distrikta nedsatt. Dei to komiteane har som mål å profesjonalisere og forenkla prosessar, betre kommunikasjonen og auke kunnskapen på tvers i organisasjonen. Både i 2014, 2015 og 2016 var organisasjonsbygging tema på fleire konferansar og seminar, både på lands-

og distriktsnivå. Komitéarbeidet vil mellom anna kunne ut i eit kvalitetssystem for organisasjonens tilsette.

Digitaliseringsprosess

Folkeakademiet har i tråd med planen «Digitalt for enkelthets skyld» i «Visst virker kultur» arbeida med å styrke digitaliseringa sidan 2012. Målet er at rapportering, søknads- og kommunikasjonsarbeid skal gjerast enklare. Del ein av prosjektet var ny medlemsdatabase, ferdigstilt i januar 2015. Del to var ny grafisk profil, med digitale malar for plakatar, program, flyere, brevpapir osv. - ferdigstilt i november 2015 og implementert i organisasjonen i 2016. Prosjektets del tre er å få på plass ein ny nettstad, med gode digitale løysingar for informasjonsflyt, søknadsarbeid, rapporteringar, tilgjengelegging av arrangement, salskanal for turné m.m.

Vilkåra for tilsette

Folkeakademiet har eit sterkt og levande organisasjonsdemokrati, der medverkad frå tilsette står sentralt. Verkemidlar er t.d. at tilsette deltek aktivt i seminar og konferansar, ei «open dør» politikk hos leiinga og tilsetterepresentasjon i landsstyret. I 2016 utarbeidde landsforbundet både HMS-plan og kompetansehevingsplan.

I tillegg til landsstyrerepresentasjon har dei tilsette valt tillitsvald (Hans Vold Vikersveen) og verneombod (Lina Bjelland Myrvoll).

Nye tilsette

Landsforbundet tilsette i 2015 fagleg leiar for prosjektsatsinga Song i eldreomsorga/Syngjande institusjonar (60 %). Frå august 2016 vart stillinga auka til 90 %. Folkeakademiet har hovudoperatøransvaret for satsinga som er støtta av Kulturdepartementet.

I 2016 fekk vi fire nye medarbeidarar: Runa Vethal Stølen (administrasjonssekretær), Maja Svisdahl (turné og kommunikasjonskonsulent) Marit Vestrum (dagleg leiar, FA Viken) og Alessia Franquillo (dagleg leiar, FA TeVeBu).



Bilete: Folkeakademiet Drammen på Drammensbiblioteket: Jørn Hurum pratar om skjelettfunn på Svalbard. Alle fossil er tidsvitne! "Fra Ida til sjøskorpionen Mix". Foto: Anita Hansen.

HØYRINGAR/UTTALER/POLTIKARMØTE:

Høyring i Helse- og omsorgskomiteen på Stortinget. Generalsekretær Pål H. Djuve; prosjektleiar Kristi Stedje og kursinstruktør Silje Worquenes Østby Kleiven deltok for Folkeakademiet/Krafttak for sang. Høyringa konsentrerte seg om satsinga i eldreomsorga.

Kulturalliansen: Konferansar og skipingsmøte. Generalsekretær og organisasjonsleiar har delteke.

Toppoleiarkonferanse i regi av Frivillighet Norge: Tillitsvald leiar Mildrid Kjenstad Holst og generalsekretæren deltok.

Landsomfemnande Krafttak for song konferanse. Generalsekretær og prosjektleiar for Song i eldreomsorga deltok. Generalsekretæren deltok også i eit panel som drøfta bruk av song og kultur i asylmottak og i arbeidet med flyktingar/innvandrarar.

ANNA

Folkeakademiet/Krafttak for sang-programmet «Song i eldreomsorga/Syngjande eldreinstusjonar»

25 landsomfemnande organisasjonar og institusjonar med sang som sentral aktivitet, arbeidde i meir enn 15 år for å få politisk gjennomslag for auka bruk av sang. Etter intenst lobbyarbeid, fekk «Krafttak for sang» 1 ½ million i 2014. Summen vart auka til 5 050 millionar i 2015. Løyvinga gjorde at Krafttaket kunne initiere aktivitetar mange stader i landet. Programma "Syngende skoler", "Syngende kommuner" og "Sang i eldreomsorga" vart utarbeid. Folkeakademiet er involvert i alle, men har hovudoperatøransvar for "Sang i eldreomsorga", spesielt retta mot institusjonar.

Andre Krafftak for sang program er m.a. retta mot folkehelse og inkludering/integrering. I 2016 har Krafftak vektleg temaet "Sang som inkluderings- og integreringsverktøy".

Målet for Krafftak er å styrke sangkulturen som kulturell- og identitetsskapande faktor, gje alle muligheit til å synge, bruke sang som helserelatert verkemedel og å få fram ny forskning.

Folkeakademiet er ein av dei styrande organisasjonane i Krafftak for sang. Generalsekretæren er medlem av styringsgruppa.

Song i eldreomsorga/Syngjande eldreldreinstitusjonar

Krafftak for sangs hovudsatsing i satsingsområdet eldreomsorga er «Syngjande eldreldreinstitusjonar» med Folkeakademienes Landsforbund som ansvarleg operatør. Akershus musikkråd er medoperatører i Akershus.

I 2016 var 15 institusjonar i 11 kommunar og 5 fylke med i pilotprosjektet, og omlag 200 tilsette i institusjonar fekk delta i opplæringa. Sidan Krafftak ikkje mottok ytterligare midlar frå Kulturdepartementet, (det var søkt om 1 mill. i tillegg til dei 1.2 mill. Folkeakademiet fekk tildelt), var dette maks antall institusjonar vi fann det forsvarleg å drive pilotprosjektet i. Det er utvikla 7 kursmodular som danner basis i prosjektet. Modulane «Omsorgssang», «Sang som sosial aktivitet» og «Det lokale sang- og musikklivet – en ressurs» vart prøvd ut i 2016.

Kursmodulen "Omsorgssang" er obligatorisk for alle institusjonane.

I tilbodet til institusjonane inngår 7 kursmodular utarbeidd av Folkeakademiet og Akershus musikkråd. I tillegg til dei tre ovafor nevnte er det kursmodular om «Inkludering av pårørende og frivillege», «Syng meir», «Å opptre på institusjon» og «Arrangering av konsertar og opplevingar». Den siste modulen er med godt resultat også prøvd ut på bibliotek.

Av alle Krafftak sine satsinger, er «Syngjande eldreldreinstitusjonar» den mest krevjande både for kurshaldarne og for dei tilsette på institusjonane. Omsorgssangen går t.d. føre seg i intime situasjonar, som under pleie og stell, mot ei sårbar gruppe der omlag 80 prosent er demente. Det har difor blitt lagt ned mykje tid og ressursar i å lære opp kurshaldarar og tilsette. For å kunne dokumentere resultatane vert det ført loggbok og jamnleg henta inn synspunkt frå tilsette. For å styrke den faglege legitimiteten er det eit mål å få forskningsmessig oppfølging, noko prosjektet arbeidar med å få til gjennom kontakt med aktuelle forskningsmiljø. (T.d. vart det i januar 2017 halde møte med høgskular).

Sjølv om målet med ein syngjande institusjon er at songen skal gjennomsyre heile institusjonen, vart det i 2016 gjort førebuingar for å kunne tilby institusjonar enkeltmodular og inspirasjonskurs/ fagdagar i 2017. Gjennom slike avgrensa opplegg kan ein i tillegg til hovudsatsinga nå eit større nedslagsfelt til mindre kostnader.

I samband med satsinga vert det bygd opp ein instruktørbase. Prosjektlearar har opplæringsansvar og er pedagogisk leiar.

Politisk arbeid – «Sang i eldreomsorga»

I august 2016 vitja stortingspolitikar Tone Wilhelmsen Trøen (H) den syngjande institusjonen Kløfta BAS, og under Arendalsuka arrangerte Krafttak ein debatt om sang og musikk i eldreomsorga. Der deltok i tillegg til Wilhelmsen Trøen bl.a. Bård Hoksrud (Frp), Hege Liadal (Ap) og Geir S. Toskedal (Krf). Spillerom på NRK har også hatt eit lengre innslag om «Syngjande institusjonar» med intervju av prosjektlearar og tilsette på Finstادتunet i Akershus..



Folkeakademiet vitjar mange sjukeheimar og eldresentre med turneane våre. Her leiar sangpedagog og sjukepleiar Gina Nordby allsongen.

Folkeakademiet + Folkebiblioteket

Folkeakademiet har hatt samarbeid med folkebiblioteka sidan 1912. I 2015 lanserte regjeringa ei biblioteksatsing, der biblioteka får ei sterkare rolle som kultur- og debattarena. Folkeakademiet oppretta eit 10% engasjement frå november 2015 til april 2016 for å knyte sterkare band til biblioteka og syte for at Folkeakademiet er ein relevant samarbeidspartner for biblioteka også i framtida.

Aasmund Olavsson Vinje - Jubileum i 2018

I 2018 er det 200 år sidan Vinje vart fødd. Folkeakademiet er med i både ein nasjonal og ein regional komite. Organisasjonsleiar Lina Bjelland Myrvoll representerar landsforbundet i den nasjonale komiteen medan dagleg leiar i TeVeBu, Alessia Franquillo, er medlem i den regionale komiteen.

Momsrefusjon:

På vegne av alle nivå i organisasjonen utarbeidar og sender landsforbundet kvart år søknad om momsrefusjon til Lotteri- og stiftelsestilsynet.

Kulturmagasinet NØKKELEN:

4 nummer. Informasjons- og kulturmagasin. Opplag 3500.

FAL står for skrivning, foto og formgjeving.

NØKKELENS hovudtema i 2016 var:

1. Frivillighet
2. Unge og psykisk helse
3. Integrering
4. Tråante 2017 – Sametingets 100-årsjubileum

Kulturmenyen:

Folkeakademiets nettdatabase for artistar og foredragshaldarar. Fleire hundre tilbod er presentert. Menyen er tilgjengeleg for arrangørar, kunstnarar/kulturarbeidarar og andre interesserte.

Kvalitetssikring

I 2016 har Folkeakademiet arbeida målretta med å byggje eit godt kvalitetssystem i organisasjonen: Dette gjeld t.d. HR-system med personalpolitisk plan, HMS-plan, kompetanseplan, rutiner for tilsetjingar, fadderordning, introduksjonsplan for nytilsette, forenkling av rapporteringsrutinar mm. Dette har som konsekvens auka profesjonalisering, betre styring og tidsparing.

Ymse landsstyrevedtak:

Logo med namn – tilbakeendring: Den nye felles logoen for folkeakademia hadde ikkje med stadnamn eller namn på det lokale folkeakademiet. Fleire lokallag kontakta landsforbundet med

ønskje om å få med logo med namn. Landsstyret tok dette ad notam og endra sitt vedtak om felles logo utan namn. I juni 2016 fekk alle lokallaga logo med namn.

Søknad Studieforbundet kultur og tradisjon: Folkeakademiet søkte medlemskap i Studieforbundet kultur og tradisjon, noko årsmøtet i studieforbundet innvilga i 2016. Frå 1.1. 2017 er Folkeakademiet medlem i Studieforbundet kultur og tradisjon.

Årets folkeakademi: Folkeakademiet Nesna fekk, på landsmøtet på Røros, prisen som «Årets folkeakademi».

LANDSSTYRET: Landsstyret hadde 3 møte og handsama 50 saker.

AU hadde 5 møte.

OPPSUMMERING

Hovudmål – Oppfølging

1. Skape aktivitet og engasjement innan satsingane «Sjå verda i augo» og «Framtida tilhøyrer dei unge», og andre tema i landsforbundets 6-årsplanen «Visst virker kultur».

Landsforbundet har informert om satsingsområda gjennom kanalane organisasjonen har. Dei prioriterte satsingsområda har eigne nettsider med informasjon og idear til tiltak og arrangement. Landsforbundet søker å finne gode og interessante kunstnarar/kulturutøvarar. Desse vert presentert i Kulturmenyen og i Nøkkelen. Landsforbundet har stimulert til prosjekt og tiltak ved bruk av prosjektmidlar.

Distriktas årsmeldingar, samt medieklypp, syner at Folkeakademiet har hatt mykje god aktivitet både innafor temaet «Sjå verda i augo» og innafor temaet «Framtida tilhøyrer dei unge». Mange distrikt og akademi tok fatt i temaet og aktiviteten retta mot barn/unge gjekk vesentleg opp i 2016 samanlikna med året før.

Det er også skipa til mange turnear og arrangement innafor temaet "Den kulturelle spaserstokken". Heile 30 prosent av Folkeakademiets samla aktivitet er retta mot denne målgruppa. I turnéverksemda bruker distrikta profesjonelle kunstnarar og fagleg kompetente foredragshaldarar.

Både landsforbundets årsmelding og distriktas årsmeldingar syner god aktivitet også i dei andre områda av 6-årsplanen "Visst virker kultur".

2. Utvikle lokalt kultur- og opplysningsarbeid og distriktas turnéverksemd. Formidle kvalitetstilbod til barn/unge, vaksne/eldre og bebuarar på institusjon.

Landsforbundet og distrikta er opptekne av at både det lokale kulturarbeidet og programma som distrikta formidlar gjennom turnéverksemda, skal halde god kvalitet og vere av interesse for målgruppene. Både tilbakemeldingar og responsen på programma syner at så er tilfelle.



Bilete: Kva er historia til innvandrarane som kjem til Vinje? Prosjektet «Levande bok» gjev dei høve til å fortelje, og dei som høyrer på høve til å lære noko – og få eit anna perspektiv på ting.

3. Styrke organisasjonen organisatorisk/administrativt og økonomisk med auka kulturproduksjon som resultat.

Folkeakademiet prøver å nå desse måla både gjennom systematisk organisasjonsarbeid og gjennom politisk og administrativ påverknad både på statleg- og fylkesnivå. Fagleg kvalifiserte tilsette og godt skulerte tillitsfolk er i ein slik samanheng viktig. I 2016 vart det halde fleire kurs både for tilsette og tillitsvalde i organisasjonsarbeid.

4. Samarbeid med andre.

Folkeakademiet meiner det er viktig å stå saman med andre kulturorganisasjonar både med tanke på å profilere organisasjonen og for å påverke kulturpolitikken – særleg den delen som vedkjem dei frivillege kulturorganisasjonane. Korkje på nasjonalt, fylkes- eller kommunalt nivå snakker departement, offentlege etatar eller institusjonar frivillege kulturorganisasjonars sak. Desse har difor i mange år blitt taparar i kampen om midlane. Dette er ei årsak til at Folkeakademiet engasjerer seg i konstallasjonar som Kulturalliansen, Norsk kulturforum (NOKU), Frivillighet-Norge og Kraftak for sang.

Folkeakademiet var med å skipe Kulturalliansen i 2016, med det mål å skape ei varig samarbeidsplattform for kulturorganisasjonane.

Bilete: Folkeakademiet Verdal: Praten går rundt bordet når Fa Verdal arrangerer snakkekafé for



innvandrara på biblioteket.